



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/543 - 18/11985

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
16.04.2018

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 215/52 Eidsnes ytre

Tiltak: Etablering/utbetring av tilkomstveg, riving av eksisterande bustad, oppføring av ny bustad
Byggjestad: Gbnr: 215/52 Eidsnesvegen 94
Tiltakshavar: Ragnhild Kartveit Høyland
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.02.2018.

Det føreligg uttale frå Statens Vegvesen i høve endra/utvida bruk av avkøyrse, datert 29.08.2017. Det føreligg uttale frå BOH (Bergen og Omland Havnevesen).

Søknad om dispensasjon frå pbl. § 1-8 er no sendt på høyring til bl.a. Fylkesmannen i Hordaland.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ansvarleg søkjar opplyst at det dispensasjon frå pbl. § 1-8 ikkje er nabovarsla. Det bes om fritak for nabovarsling. Det er ikkje lagt ved grunngeving for kvifor det bes om fritak. I utgangspunktet skal dispensasjonen nabovarslast og det skal mykje til å få fritak. Dersom ansvarleg søkjar opprettheldt sin søknad om fritak frå nabovarsling, så må dette grunnjevast. Søknad om fritak vert så handsama.
2. Det er opplyst at tilkomstvegen må utbetrast. Lengdeprofil samt nødvendige tverrprofil (ca. kvar 10 meter) av heile tilkomstvegen frå bustad t.o.m. avkøyrse Fylkesvegen må sendast inn. Situasjonkartet må oppdaterast slik at heile tilkomstvegen frå bustad t.o.m. avkøyrse Fylkesvegen bustad vert vist.
3. Kopi av uttale frå BOH (Bergen og Omland Havnevesen) som det vert vist til i oversendingskrivet.
4. I høve ansvarsrettar må følgjande erklæringar sendast inn:



- UTF-Riving og miljøsanering
(Det kan ikkje søkjast som sjølvbyggjar for riving av eksisterande bustad etter pbl. §20-1 og forskrift om byggesak (SAK10) §6-8.
- PRO- Grunnarbeid
- PRO-Plassering
- PRO- Tømrer og snikkararbeid og ventilasjon
- PRO-Pipe og Ildsted samt UTF-Pipe og eldstad
- PRO-Arkitektur tilkomstveg samt UTF-Tilkomstveg

Gjennomføringsplanen må oppdaterast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 15.05.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|---------------------------|-----------------|------|----------|
| Adrian Nilsen Hauge | Myrdalskogen 15 | 5118 | ULSET |
| Ragnhild Kartveit Høyland | Myrdalskogen 15 | 5118 | ULSET |
| Villanger & Sønner AS | KNARVIK | 5914 | ISDALSTØ |

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------------|---------|------|----------|
| Villanger & Sønner AS | KNARVIK | 5914 | ISDALSTØ |
|-----------------------|---------|------|----------|